

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 13.08.2014
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Orientering om Meld. St. 27 - Eit mangfoldig og verdiskapande eigarskap**

ARKIVSAK: 2014/726/
STYRESAK: 092/14

STYREMØTE: 03.09. 2014

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Regjeringa presenterte i juni sin eigarskapsmelding. Meldinga går gjennom regjeringa sin eigarskapspolitikk og korleis det statlege eigarskapet skal utøvast.

Ved brev av 13. august 2014 er styret invitert til å kome med innspel til varsla gjennomgang av staten sine retningslinjer for godtgjering til leiande tilsette.

Fakta

Regjeringa har med utgangspunkt i sin politiske plattform lagt fram ei melding til Stortinget om eigarskap i norsk næringsliv med hovudvekt på rammene og politikken knytt til staten sitt direkte eigarskap.

Meldinga er delt inn i tre hovuddeler der det i

- del I blir gitt ein framstilling av korleis eigarskap og ulike type eigarar kan bidra til verdiskaping,
- del II blir skissert hovudretninga i regjeringa sin politikk for å fremme eit mangfaldig eigarskap i norsk næringsliv,
- del III blir gitt ein presentasjon av regjeringa sin politikk for staten sitt direkte eigarskap.

Kommentarar

Selskapa i staten sin portefølje har sidan 2006 vore kategorisert i fire ulike kategoriar. Utgangspunktet for kategoriseringa har vore staten si grunngeving og mål for det direkte statlege eigarskapet. Regjeringa meiner at systemet med kategorisering har bidrege til å tydeleggjere staten sine mål med eigarskapet i det einskilde selskapet og at modellen med fire kategoriar er ei tenleg inndeling av eigarskapet.

Dei regionale helseføretaka er plassert i kategori fire – selskap med sektorpolitiske mål. Av meldinga går det fram at staten sine eigardeler i desse selskapa i utgangspunktet bør ligge fast. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for endringar dersom dei sektorpolitiske omsyna fell bort eller kan bli tatt i vare på ei anna og tilfredsstillande måte ved bruk av andre verkemidlar enn eigarskap.

Regjeringa har som ambisjon at den norske stat sin eigarskapsutøving skal vere av beste praksis internasjonalt. Eigarskapet skal forvaltast profesjonelt, og regjeringa vil føre ein ansvarleg eigarskapspolitikk prega av forutsigbarhet og fastlagde prinsipp for statleg eigarstyring.

I meldinga har regjeringa gjort einskilde justeringar av eigarstyringsprinsippa i samsvar med utviklinga innan eigarstyring og selskapsleiing og etablert praksis. Ei oversikt over endringane er gitt i meldinga punkt 8.2.

Samfunnsansvar er eit område som har fått auka merksemd og betydning dei siste år. Regjeringa uttalar i meldinga at ein forventar at selskap med statleg eigardel arbeidar systematisk med sitt samfunnsansvar og er leiande på sine område. Det blir særleg vist til utvikling på klima- og miljøområdet. Regjeringa forventar at selskapa har god risikoforståing med omsyn til korleis klimaendringar og klimapolitiske tiltak kan påverke deira verksemd og at selskapa skal vere i fremste rekke når det gjeld arbeidet for klima og miljø i sin bransje.

Når det gjeld staten sin haldning til leiarlønn, blir det i meldinga sagt at regjeringa vil halde fast på hovudprinsippa i staten sin haldning til leiarlønn i selskap det staten er eigar. Ut frå erfaring og praksis dei siste

åra vurderer regjeringa å justere staten sin haldning på tre punkt. Det knyter seg til kva selskap som skal omfattast, pensjonsvilkår og korleis heileigde selskap skal forhalde seg til staten sin haldning. Ei nærare omtale er gitt i meldinga punkt 8.3.4.

Ved brev av 13. august 2014 er styret invitert til å kome med innspel til gjennomgangen av staten sine retningslinjer for godtgjering til leiande tilsette. Til orientering er Helse Vest sin retningslinjer for leiarlønn lagt ved saka.

Vedlegg:

1. Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 130814 - Statens retningslinjer for godtgjørelse til ledende ansatte
2. Retningslinjer for leiarløn i Helse Vest